

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord-Norge

Tid/Sted: Måndag 06.11.17 kl 13.30 - kl 18.30 på Clarion Hotel The Edge i Tromsø

Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Birgitte Rørvik Bruun, Bjørn Arne Skoglund, Vegard Svensen (vara), Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Merethe Sund, Arne Flatmo og Svein Inge Jakobsen

Forfall: Fred Tore Fagereng

Kopi til: Silje Laugsand Pynten, vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering om livdyrformidlinga</p> <p>Silje Laugsand Pynten orienterte om statistikk frå 2015 og fram til 3. kvartal for livdyrformidlinga i region Nord. Vidare om prosess og operasjonar med formidling, avrekning, fakturering og arkivering. Livdyrtransport. Treng hjelp til å skape positivt omdømme for livdyrformidlinga.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Fleire i min krets (krets 19 Nord-Salten) som ikkje får sal på kjøtfedyr, trudde det var etterspurnad etter kjøtfe. Kor mange årsverk jobbar med livdyrformidling i region Midt og Nord? Kan andre aktørar stå for transport? Viktig å få fram kva ansvar Nortura tek på seg ved formidling og transport, og kva risikoen er ved å gå utanom. Mange moglegeheiter for effektivisering i formidlinga. Folk må gjerast oppmerksom på fordelane med livdyrformidling gjennom Nortura. Info om livdyrformidling, prosess og fordelar må gjerne informerast om på fagmøter, nettsider, m.m. Irritasjon når ein ikkje får info/sein info om når livdyr vert henta eller levert. Må gjerast enklare å melde inn livdyr, jf Facebook. Mange synest det går lang tid utan respons. Lage info brev til alle produsentar om livdyr, samt plansjar til bruk på kretsmøta, m.a. helsestatus, kredittsjekk, m.m. Også om ynskje og forventningar til bonden som melder inn, for å gjere formidlinga enklare, jf bruktbilhandel privat eller gjennom bilforretning. Fagutval storfe og gris burde vore involvert i utviklinga av livdyrformidlinga. Er det samarbeid og samhandling med TINE i forhold til livdyrformidling? Har hatt tlf møter kvar 14. dag med livdyrformidlarane og rådgjevarane Rådgjevarkorpet vert samla i Svolvær 21. nov, i tilknytning til Kjøtt i Nordland-konferansen. Sarah på livdyr skal delta. Arne vil vurdere å invitere TINE til rådgjevarsamlinga, evt møte seinare. Dersom livdyrformidlinga aukar, vil det vere mogleg å auke antal ansatte på livdyrformidling? Med meir info vil det kunne skje ei effektivisering ved at livdyrformidlinga slepp å gjere dobbeltarbeid. Kan vi kopiere TINE med bruk av SMS, t.d. abonnere på livdyrstatus kvar 14. dag? SMS med info om at det er dårleg tilgang på kalv, du står fortsatt på venteliste, hadde også spart formidlinga for telefonar og irritasjon. Vurdere om Birgitte kan delta på rådgjevarsamlinga i Svolvær. Avl i kjøtfesbuskavar bør vere viktig tema i rådgjevinga. 	<p>Silje/Arne</p> <p>Silje/ Brit Kari</p> <p>Arne</p> <p>Silje</p> <p>Birgitte</p>

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Orientering frå styremøte 23. – 24.10 og Konsernråd 24.10

Merethe orienterte om ein open dialog på konsernrådsmøtet. Omsetningsfonda for gris, storfe og småfe skal byggast opp i 2018, mens på egg skal den reduserast. Tlf møte i konsernstyret på saka om eksport av sau til Afganistan. Tok tid før info pga av at Nortura ville sjekke konsekvensar og fakta, samt info til eigarane. Styret vurderer anke i Cowi-saka i neste møte.

Vedk økonomisk resultat: utfordringar i verdikjeda og nok varer på lager, har ført til varer med utgått liggetid. Mindre varestraumar pga kjedetilpassing er også årsak. Overgang frå Gilde-bakk til papp. Auka personalkostnader.

Spørsmål/kommentarar:

- Utgått liggetid er kritisk, og må takast tak i. Viktig å få selt varene våre.
- Er det nok konkrete ting som vert tatt tak i?
- Vart nedsett arbeidsgruppe for oppfølging av Coop, har det skjedd noko der?
- Spar Vega ynskter to Gilde-produkt på kampanje, vart advart mot det pga leveringsgrad frå Nortura.
- AU-samlinga var eit viktig møtepunkt med leiinga for Coop og Norgesgruppen.
- Varer med utgått liggetid, vert det destruert eller nytta? Interessant i desse miljøtider?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Førebuing av RU-møtet

Fylgjande vart gjennomgått:

- Køyreplanen
- Separate møter for dyreslaga
- Utvelging av mest aktive kretsutval.
- Innspel frå kretsane vedk høyring strategi
- Gruppearbeid dyrevelferd – utarbeiding av oppgåver
- Toastmaster/underhaldning

Innspel:

- AU ynskjer info om rutiner for oppfølging av dyrevelferdssaker i Nortura.
- Mogeleg å sende ut info/SMS når ein rådgjevar er i eit område, t.d. i Finnmark?

Svein Inge
Arne

Vedtak: AU kårer Bindal krets til mest aktive kretsutval i 2017.

4 Aktuelt frå regionen

Svein Inge orienterte om rettsaka mot Finnmark rein. Eit forslag til forlik presentert av Finnmark rein vart domen. Status slakting ved anlegga. Ny produksjon ved anlegget i Målselv.

Arne orienterte om status tilførselar ved anlegga. Mogeleg ny oppstart av kombinert svineproduksjon i Sør-Troms. Forskyva slakting av småfe. Storfeprosjekt i Finnmark og Troms.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 Eventuelt

Ragnhild ynskter argument kvifor det ikkje skal leverast vaksen sau til Horn, i ei tid med overproduksjon. AU ga innspel på at Nortura må ha marknadsmakt for å vere prisleiande, samt at Nortura jobbar med produktutvikling.